

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Norli Knarvik - Permanent utstilling med rotasjon gjennom året Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Permanent utstilling med rotasjon gjennom året* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 092/21 Vedtak:

Prosjektet *Permanent utstilling med rotasjon gjennom året* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Norli er registrert under selskapsform Underavdeling. Bransje: 47.610 Butikkhandel med bøker. Registrert 23.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Prosjektet er eit biletgalleri som er tenkt nytta av Norli Knarvik og Knarvik Senter saman. Det er tenkt å innehalde utstillingar av store bilete på tjukt papir/fotopapp trykt hjå fotograf. Kvar utstilling skal stå i minst 2 månadar og vil variere i uttrykk. Senteret eig prosjektet og huseigar gir oss anledning til å disponere området. Arbeidet med å etablere utstillinga utførast lokalt i Alver.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å ha minst 5 utstillingar pr år og fortsette ut over dei 2 åra prosjektet har som utgangspunkt. Norli Knarvik står som hovudsøkjar og vil ha det daglege overoppsynet over utstillinga, samt styre sittegruppe som er tiltenkt plassen. Hovudfokus på utstillingar blir å vise fram det lokale.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Permanent utstilling med rotasjon gjennom året	120 000	120 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til permanent utstilling med rotasjon gjennom året får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet. Det kan oppmodast til å undersøke om det er mogeg å søke midlar frå kulturfondet i Alver kommune.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Norli Knarvik_soknad-2021-0062_24 apr 2021	1572657
13.06.2021	21_Norli Knarvik_soknad-2021-0062_Foto av utstilling_23 apr 2021	1572659